

# Tingvollen økopark

Tingvoll - Økokommunen - bedre løsninger for mennesker og miljø





## Første i landet

Tingvoll skal få det første økologiske lære- og opplevingscenteret i landet. Hovedtema for senteret vil være økologisk matproduksjon og hagebruk, berekraftig energibruk og dyrevelferd. Dette skal bli eit senter der folk i alle aldrar kan hente kunnskap, inspirasjon og idear til ein meir berekraftig livsstil. Eit regionalt kompetansesenter for sol- og bioenergi vil bli ein del av senteret.

Bak satsinga står Tingvoll kommune, Møre og Romsdal fylke, Tingvoll Næringsforum, Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) og Bioforsk Økologisk. Etterkvart håper ein på å få med fleire samarbeidspartnarar for å bygge opp eit kompetansesenter i det gamle fjøset på Tingvoll gard. Mjølkeproduksjonen skal over i eit nytt fjøs, som er planlagt ferdigstilt i løpet av 2010.

Senteret bygger på kompetansen i Bioforsk Økologisk og skal lage interessante kurs og arrangement. Bioforsk Økologisk har i dag vel 30 tilsette på Tingvoll.

## Historisk stad

Tingvoll har synlege teikn på at det har vore ein samlingsstad så langt tilbake som i steinalderen, det viser m.a. hellemåleria på Honhammaren.

Tingvoll gard ligg nær både Tingvoll kyrkje (1180) og Tingvollen der vikingane heldt ting. Dette har altså vore ein sentral stad, og skal bli det igjen. Vi vil at dette skal bli eit senter for kunnskap og opplevingar, der ein kan vandre mellom desse ulike opplevingane på stiar som knyter det heile saman.

## Med fortid inn i framtid

Utviklinga vi er inne i, med både klimakrise og finanskriser viser at det er grunn til å stoppe opp og gjere endringar i måten vi lever på. Dette ønskjer vi å ta fatt i gjennom å vise korleis ein kan drive matproduksjon

på ein god og berekraftig måte for jorda, samstundes som produkta skal bli gode, delikate og smakfulle og ernæringsmessig vil gjere oss godt.

Vi ønskjer å knyte fortid og notid saman. Solenergi er eit eksempel. Mennesket har alltid drege nytte av sola. Vi vil vise korleis moderne teknologi kan omforme solenergi og annan fornybar energi på ein måte som passar det moderne mennesket.

Sist, men ikkje minst ønskjer vi at senteret kan vere ein stad der det også er dyr og der dyrevelferd er i fokus.

Med vekt på økologi og biologi skal barn, unge og vaksne få leike og lære. Du kan vere med i alt frå stell av dyr til å gjennomføre energi-eksperiment eller studere marken i jorda. Visste du at marken kan bu i same hol i over 14 år?



I den økologiske demonstrasjonshagen på Tingvoll gard møter du planter, små dyr og kanskje ein Admiral (sommarmfugl).

### **Prosjektgruppe**

Ketil Valde, Bioforsk Økologisk  
May Kristin Brekke, Møre og Romsdal fylke  
Anne Reiten Gilbert, Tingvoll Næringsforum  
Anne de Boer, Tingvoll gard  
Odd-Arild Bugge, Tingvoll kommune  
Gerd Anne Aarset, Tingvoll kyrkje  
Marianne Nystad, Tingvoll museum  
Roar Harsvik, Destinasjon Kristiansund og Nordmøre  
Gunnlaug Ribe, prosjektleiar småsamfunnssatsinga

### **Administrasjon/tilsette**

Prosjektet har kontor i Tingvoll Næringshage (Tingvoll gard)  
Det er to tilsette i prosjektleinga i tillegg til at prosjektet kjøper tenester frå Bioforsk Økologisk og Tingvoll Næringsforum.

### **Kontaktperson:**

**Gunnlaug Ribe**, tlf. 98247904  
gunnlaug.ribe@tingvoll.kommune.no  
**Kristin Sørheim**, tlf. 95286060  
kristin.sorheim@tingvoll.kommune.no

Prosjektet er treåring og har fått støtte frå Kommunal- og regionaldepartementet.

Kompetansesenter for sol- og bioenergi er støtta av Møre og Romsdal fylke.

